

Direktoratet for Naturforvaltning  
[Postmottak@dirnat.no](mailto:Postmottak@dirnat.no)

Miljøverndepartementet  
[Postmottak@md.dep.no](mailto:Postmottak@md.dep.no)

Orkanger 20.12.2009


### Naturresevat på Gjølmesørene

Vi ber om at det blir sett i gang arbeid for å etablere eit naturresevat som omfattar Gjølmesørene og utløpet av Skjenaldelva.

Inntil området er ferdig verna som naturresevat i høve til Lov om naturmangfald, ber vi om at det blir innført eit midlertidig forbod mot inngrep og endringar i området.

Området rundt utløpet av Orkla er i dag sterkt prega av industri og transport, og det er lite att av den opphavlege og særprega våtmarksnaturen ved utløpet av Orkla.

Vi ser det som viktig å verne Gjølmesørene, både for å ta vare på den viktige biologiske funksjonen som området enno har, men også for å gjera det mogleg for framtidige generasjonar i Orkdal å oppleve og studere slike naturområde på nært hald.



### Bakgrunn

Gjølmesørene ved utløpet av Skjenaldelva og Orkla er siste rest av eit av landets største og viktigaste elvedelta, utløpet av Orkla.

I midten av 70-åra vart mesteparten av dette deltaet fylt att til industriområde og Orklas utløp vart lagt om.

I 2003 vart området vest for Orkla fram til Skjenaldelva omregulert til industriområde og er i dag i hovudsak fylt ut. Samtidig gjennomførte Orkdal kommune eit kommunalt vern av Gjølmesørene gjennom kommunal reguleringsplan.

Vi er glade for at Orkdal kommune gjennomførte dette vernetiltaket, men det er i dag reist forslag om å omregulere Gjølmesørene, delvis til industriområde og delvis til småbåthamn. Dette viktige og spesielle naturområdet går difor ei uviss framtid i møte.

For å sikre varig vern av områdets naturkvalitetar, uavhengig av skiftande fleirtal i Orkdal kommunestyre, ber vi om at det blir sett i gang arbeid for å etablere Gjølmesørene som naturreservat i høve til Lov om naturmangfald.

### Områdets kvalitetar

Gjølmesørene omfattar både grunne område som kjem til syne ved fjære sjø og låge strandenger som blir beita av hestar. Det er eit rikt fugleliv, spesielt under sesongmessige fugletrekk men området har også ein viktig funksjon gjennom resten av året.

Området inngår som ein del av det omfattande våtmarkssystemet rundt Trondheimsfjorden.

Etter at Stortinget vedtok den nye Naturmangfaldslova, er det sett i gang arbeid med å få etablert marine verneområde. Gaulosen er prioritert i denne første runden.

Vi ser det slik at Gjølmesørene og Gaulosen inngår i eit felles system med trekk og næringsøk for fugl, der det er viktig å ha ulike område. Dersom Gjølmesørene blir bygget ned, som det siste attverande større våtmarksområde i Orkdalsfjorden, så vil det også fungere negativt for fuglelivet rundt Gaulosen og Trondheimsfjorden totalt sett.

I Naturbase faktaark frå Direktoratet for Naturforvaltning er området er vurdert som:

”Elveos-strandeng er hovedstrandtype, mens grus/steinstrand er understrandtype. Grunt fjæreområde av ornitologisk betydning. Området er blant de viktigste rasteområdene for vann- og våtmarksfugl i kommunen.”

Det blir spesielt peika på at området er ein meget god lokalitet for andefuglar, alkefuglar, vadefuglar og måsefuglar.<sup>1</sup>

### Foreslått vern på grunn av botaniske verdiar:

Direktoratet for Naturforvaltning har foreslått å verne området:

”Lokaliteten er spesiell og interessant på mange måter, bl.a. med for fylket fleire sjeldne plantesamfunn. Området foreslås verna som spesialområde for panneutforming av samfunn D1, D3 og D4, samt Cx”<sup>2</sup>

Naturvernforbundet  
avd Orklaregionen



Sandgt 30, 7012 Trondheim  
[sortrondelag@naturvern.no](mailto:sortrondelag@naturvern.no)  
73 51 52 24 /95056726

Norsk ornitologisk  
forening, Orkla

Magnar Klingan

[www.birdlife.no](http://www.birdlife.no)

Utdanningsforbundet  
Klubben ved Orkdal  
vidaregåande skole

Dag Mæhle  
Dag Mæhle

[www.orkdal.vgs.no](http://www.orkdal.vgs.no)

Aksjonsgruppe vern av  
Gjølmesørene

Torill Husvik  
Hukkelås  
Torill Husvik  
Hukkelås

<sup>1</sup> <http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/asp/faktaark.asp?iid=BA00057884>

<http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/asp/faktaark.asp?iid=BA00057895> (Hentedato: 28.11.2009)

<sup>2</sup> [http://www.sft.no/nyheter/dokumenter/orkanger\\_miljo\\_spredning\\_risikovurd\\_2009.pdf](http://www.sft.no/nyheter/dokumenter/orkanger_miljo_spredning_risikovurd_2009.pdf) (Hentedato:28.11.2009)